



DEN NORSKE KYRKJA

Fitjar sokn

Møteinkalling

Utval: Fitjar kyrkjelege fellesråd
Møtestad: Fitjar rådhus, kommunestyresalen
Dato: 19. januar 2017
Tid: Kl. 18.30

Forfall må meldast til kyrkjeverje Harald Rydland på e-post eller tlf. 913 47 802. Peder Rygg Drønen møter som fast vara. Elles møter varamedlemer kun etter særskilt innkalling.

Det har komme fram at rådet ynskjer å bruke mindre til på taldelen av budsjettet i sjølve møtet. For dei som måtte ynskja det, vil kyrkjeverja gå gjennom heile detaljbudsjettet kl. 17.00.

Innkallinga er sendt til:

Namn	Funksjon
Rasmus Fitjar	Leiar
Terje Havro	Nestleiar
Gunvald Aarbø	Medlem
Helga Olsen Aadland	Medlem
Mette E. Lambach	Medlem
Bodil Nesse	Medlem
Sigrid Marie Fangel	Medlem
Sindre Aarbø	Medlem
Olav J. Oma	Sokneprest
Sigurd André Maraas	Kommunal representant
Peder Rygg Drønen	1. varamedlem
Arne Prestbø	2. varamedlem
Solbjørg Larsen Tverderøy	3. varamedlem
Tove Helen Løland Aarskog	4. varamedlem
Aase Rygg H. Nøttveit	5. varamedlem
Agnar Aarskog	Vara for kommunal repr.
Svein Arne Theodorsen	Vara for soknepresten

Fitjar, 13. januar - 2017

Harald Rydland, kyrkjeverje

Rasmus Fitjar, leiar i fellesrådet

Sakliste:

Saksnr.

- F-01/17 Budsjett for 2017
- F-02/17 Val av leiar og nestleiar
- F-03/17 Godkjenning av referat
- F-04/17 Meldingssaker
- F-05/17 Open post



DEN NORSKE KYRKJA

Fitjar sokn

Sak 01/17: Budsjett for 2017

Bakgrunn

Kyrkja sitt driftstilskot for 2017 vart fastsett av kommunestyret i møte den 21. desember. Kyrkja hadde søkt om driftstilskot på kr. 3.072.500,-. Kommunestyret løyde kr. 2.197.900, ein sum som er kr. 25.000 meir enn rådmannen sitt framlegg. Summen på kr. 25.000 vil kommunestyre øyremerkja til sommarvedlikehald på kyrkjegarden. I investeringsbudsjettet hadde rådmannen lagt inn kr. 300.000 i ekstra løyving til orgel- og galleriprojektet. Dette hadde mellom anna bakgrunn i valutatapet me har hatt som følgje av stor endring i kronekursen. Summen på kr. 300.000 vart stroken av kommunestyret.

Året 2017 vil vera eit svært krevjande år når det gjeld Fitjar kyrkje sin økonomi. No kan ein spørja seg kvifor økonomien har svinga slik for kyrkja vår dei siste åra? Åra 2014 og 2015 hadde me store overskot, medan 2016 og 2017 ligg an til å enda med store underskot. Kommunen har i alle desse åra gjeve same støtta til kyrkja, justert for inflasjonen. Svaret på spørsmålet er at 2014 og 2015 var unormale år for kyrkja. Desse åra hadde me fleire medarbeidarar som var ute i permisjon. Det let seg ikkje å få inn vikarar som fullt ut kunne erstatta dei stillingane som då stod tomme. Dette gjorde at kyrkja ikkje brukte så mykje på løn som det var budsjettet med. Det førte og til at fleire oppgåver ikkje vart utførte. Elles var me utan kyrkjelydsprest i 2015. Det vart leigt inn vikar for å utføra ein del av oppgåvene som kyrkjelydspresten hadde hatt, men her vart det og ledige lønnsmidlar. Fast tilsett kantor i 65 % stilling fekk me i oktober 2015, noko medfører ein større kostnad enn slik kyrkja i Fitjar hadde drive organisttenesta i mange år. Då vart det kun leidt inn organist for dei timane det var trøng for spelning til gudstenester og andre kyrklege handlingar. Kommunestyret har tidlegare gjeve signal om at det er ynskjeleg med både kyrkjelydsprest og kyrkjelydsmusikar i faste stillingar. Året 2016 har vore «normalt» med tanke på att alle stillingane i kyrkja har vore bemanna heile året. Så langt me kjenner til vil dette og vera tilfelle i 2017.

I kyrkja sitt budsjettframlegg til kommunen var behovet for ressursar godt dokumentert i både tekst og talmateriale. Detaljbudsjettet som no er sett opp viser at sjølv om kyrkja i Fitjar driv svært nøkternt, vil det vera krevjande å utføra normal dagleg drift med dei økonomiske ressursane som er til rådvelde.

Andre kommunar

Det kan vera greitt å sjå litt nærmere på om Fitjar kommune sitt nivå på økonomisk støtte til kyrkja skil seg frå det som vert løvd i kommunar som det er naturleg å samanlikna seg med. Eg har difor funne ein del tal i KOSTRA (kommunane si rapportering til SSB) som er teken inn i tabellen nedanfor. I denne tabellen har eg stort sett prøvd å finne kommunar med om lag same folketal som Fitjar til samanlikning.

Kommune	Folketal	Tilskot til kyrkja pr. innbyggjar	Sum for årleg tilskot til kyrkja (Snitt for 3 år)
Fitjar	3140	637	2.000.018
Etne	4106	845	3.469.570
Sveio	5593	665	3.719.345
Tysnes	2797	992	2.774.624
Ullensvang	3401	1413	4.805.613
Fusa	3876	912	3.534.912
Samnanger	2443	1096	2.677.528
Vaksdal	4125	931	3.840.375
Austevoll	5118	858	4.391.244
Austrheim	2858	1194	3.412.452
Radøy	5011	818	4.098.998
Stord	18775	391	7.341.025
Bømlo	11778	623	7.337.694



DEN NORSKE KYRKJA

Fitjar sokn

No er det slik med desse tala som med all statistikk. Ein må vita litt om kva som ligg bak tala for å kunna samanlikna og tolka. Det finst nok ikkje to kommunar der kyrkja vert driven på nett same måte, Hos oss har me ei kyrkje og ein kyrkjegard, medan det i kommunar med same folketal som oss kan vera fleire kyrkjer og kyrkjegardar. Då skulle ein gjerne tru at det ville vera svært mykje rimelegare å driva kyrkje hos oss. Så enkelt er det ikkje.

Det er biskopen som fastset talet på gudstenester. Hos oss er det gudsteneste stort sett kvar sundag. I andre kommunar med om lag same folketal som me har, er det og vanlegast å ha ei gudsteneste kvar sundag, sjølv om dei har fleire kyrkjer. Gudstenestene vert då gjennom året fordelt på dei ulike kyrkjene. I kommunar med omlag likt folketal er det stort sett dei same ressursane som må til for å driva gudstenester, gravferd, konfirmantarbeid, diakoni, administrasjon og anna kyrkjeleg arbeid. Elles må ein ha like mykje organist, klokkar og kyrkjetenar på kvar gudsteneste, uavhengig av folketalet i kommunen.

Dersom me held kostnader til overføring av kollektar, moms, samt husleige o.l. til kommunen utanom, går om lag 75 % av vårt budsjett til lønskostnadene. Kostnader til løn er stort sett uavhengig av talet på kyrkjer og gravplassar i kommunen. Dei resterande 25 % av budsjettet går med til kjøp av varer og tenester som må til i drifta, slik som straum, vedlikehald, forsikring, kontorhald og mykje meir.

I tabellen har eg brukt gjennomsnitt overføring frå kommunen til kyrkja for åra 2013, 2014 og 2015. Eg har sjekka tala i tabellen med andre kyrkjeverjer og fått stadfesta at tala ser korrekte ut, sjølv om dei ikkje er 100 % nøyaktige. Då må ein kunna slå fast at Fitjar kommune ligg lågt når det gjeld løvning til kyrkja i forhold til andre kommunar det er naturleg å samanlikna seg med. Trass i dette har Fitjar ein svært levande og engasjert kyrkjelyd som sluttar godt opp om det som skjer i kyrkja. Det er likevel grenser for kva ein kan venta at folk bidreg med som frivillig arbeid.

Kommunen sitt ansvar

Kommunen sitt økonomiske ansvar for kyrkja står det å lesa om i § 15 i kyrkjelova:

§ 15. Kommunens økonomiske ansvar.

Kommunen utreder følgende utgifter etter budsjettforslag fra kirkelig fellesråd:

- a) utgifter til bygging, drift og vedlikehold av kirker,
- b) utgifter til anlegg og drift av gravplasser,
- c) utgifter til stillinger for kirketjener, klokker og organist/kantor ved hver kirke, og til daglig leder av kirkelig fellesråd,
- d) driftsutgifter for fellesråd og menighetsråd, herunder utgifter til administrasjon og kontorhold,
- e) utgifter til lokaler, utstyr og materiell til konfirmasjonsopplæring,
- f) utgifter til kontorhold for prester.

Fellesrådets budsjettforslag skal også omfatte utgifter til kirkelig undervisning, diakoni, kirkemusikk og andre kirkelige tiltak i soknene.

Utgiftsdekningen skal gi grunnlag for at det i soknene kan holdes de gudstjenester biskopen forordner, at nødvendige kirkelige tjenester kan ytes, at arbeidsforholdene for de kirkelig tilsatte er tilfredsstillende og at menighetsråd og fellesråd har tilstrekkelig administrativ hjelp.

Etter avtale med kirkelig fellesråd kan kommunal tjenesteyting tre i stedet for særskilt bevilgning til formål som nevnt i denne paragraf.

Kongen kan gi forskrift om kommunenes forpliktelser etter denne paragraf.

Kommunen kan ta opp lån for finansiering av sine forpliktelser etter første ledd bokstav a) og b). De nærmere vilkår for kommunens låneopptak fremgår av kommunelovens § 50.

Representant for kirkelig fellesråd kan gis møte- og talerett i kommunale organ når disse behandler saker som direkte berører fellesrådets virksomhet.

Opplistinga i lova er konkret nok, men det står ikkje noko i lova om kva som er minimum nivå på det som er kommunen sitt ansvar.



DEN NORSKE KYRKJA

Fitjar sokn

Talet på gudstenester er det biskopen som fastset, men kor høgt graset skal vera på kyrkjegarden før det vert slege, kor malingsliten kyrkja skal vera før den vert malt på nytt, eller kor mykje administrativt personell som skal til er det ingen som kan lesa ut av lova. Difor er det ikkje alltid så godt å seia om kommunen oppfyller ansvaret den har etter lova.

Dei aller fleste kommunar yt meir til kyrkja enn det som er opplista som minimumsansvar etter kyrkjelova.

Fitjar sokn sitt budsjett for 2017

I detaljbudsjettet kjem det fram kor store økonomiske ressursar kyrkja har til rådvelde i 2017. Der er den kommunale løyvinga delt på avdelingane administrasjon, kyrkje og kyrkjegard.

Kommentarar for dei enkelte avdelingane:

Administrasjon

Til administrasjon er det sett av kr. 768.500 av det kommunale tilskotet. Av dette går kr. 376.100 til løn, pensjon og arbeidsgivaravgift for stillinga som 50 % kyrkjeverje og møtegodtgjerdslé til soknerådet. Kr. 245.000,- går med til å dekka tenesteavtalen med kommunen. Kr. 100.000 går med til revisjon, kontigentar og lisensar på dataprogram . Då er det kr. 47.000 att som skal dekka kontorutstyr, møteutgifter, reiser, kurs, lysingar, gåver m.m. Det er ikkje midlar til sekretærtenester som kan ha ansvar for arkiv, protokollar, postjournal, kyrkjeregister, fakturering m.m. Eg har så langt til gode å treffa kyrkjeverjer som har så låg stilling som 50 % og ikkje sekretærhjelp på kontoret.

Med dei økonomiske ressursane me har til rådvelde i 2017 greier me ikkje å prioritera slik at me imøtekjem forvaltningslova og offentleglova sine krav til akriv og journalføring på kontoret.

Kyrkja

Avdelinga som ein kallar Fitjar kyrkje er tilgodesett med kr. 892.500 av det kommunale tilskotet i budsjettet. Av dette går kr. 691.500 til løn, pensjon og arbeidsgjevaravgift for 65 % kantor, 20 % kyrkjetenar og vikar for kantor. Om lag kr. 110.000 går med til straum, egedomsavgifter og forsikring. Til vedlikehald av kyrkje og inventar er det sett av kr. 50.000. Då er det att kr. 41.000 som skal gå til forbruksmateriell, driftsmidlar, kurs, møter, telefon, reiser, data m.m.

Etter kyrkjelova skal kyrkjetenar og klokkar på alle gudstenester lønast av kommunen. Dette er det ikkje rom for i budsjettet for 2017 og det er difor ikkje lagt inn. Då er me framleis avhengig av frivillige til å utføra denne tenesta. Motivasjonen for fleire av dei frivillige som har vore med på denne tenesta har vore at den kommunale løyvinga til klokkar / kyrkjetenar kunne gå til anna arbeid i kyrkjelyden. Denne motivasjonsfaktoren er ikkje lenger til stades. Dersom det skal betalast løn for den tenesta me her snakkar om må det leggjast inn om lag kr. 190.000 til i budsjettet.

Gravplassen

Til drift av gravplassen er det sett av kr. 536.900 av den kommunale løyvinga. Då er den kommunale løyvinga brukt opp. Utanom den kommunale løyvinga er det på gravplassen budsjettet med inntekter frå gravfeste og gravstell på kr. 220.000.

Det er budsjettet med kr. 641.700 i løn, pensjon og arbeidsgivaravgift til kyrkjegardsarbeidarar, gravstell og sommarvikarar. Det er sett av kr. 61.500 til vedlikehald av gravplassen, teknisk utstyr og bygning, samt felling av store trær. Til offentlege avgifter, forsikring og dataprogram går det med om lag kr. 40.000,-. Då er det att kr. 13.700 til forbruksartiklar, verktøy, verneutstyr m.m.



Kyrkjelydsprest

Det er budsjettet med kostnader på kr. 728.200 for kyrkjelydspresten i 2017. For å dekka dette er det lagt inn kr. 55.000 i tilskot frå biskopen, kr. 200.000,- i gåver og kr. 473.200 frå fond til kyrkjelydsprest. Det er framleis noko uvisse om kor mykje av fondet som må brukast i 2016, men slik det ser ut no, vil det vera om lag kr. Kr. 250.000 att av fondet ved inngangen til 2018. Fondet var opphavelig på om lag kr. 1.000.000.

Trusopplæring

Trusopplæringa skal i utgangspunktet dekkast av øyremerkt tilskot som kjem frå staten. Tilskotet vert rekna ut frå kor mange medlemer kyrkja har under 18 år. Hos oss tilseier storleiken på tilskotet at med kan ha kyrkjelydspedagog i 40 % stilling. Fitjar sokneråd har tidlegare vedteke at stillinga som kyrkjelydspedagog i Fitjar skal vera 50 %. Sidan det ikkje er kommunale midlar å setja av til trusopplæring manglar det her om lag kr. 50.000,- som må dekkast med gåver. Så mykje har me til no ikkje greidd å få inn til dette føremålet. Difor ligg denne avdelinga framleis inne med eit underskot på kr. 41.100. Det må ein prøve å dekke inn ved ytterlegare kutt i totalbudsjettet. Dersom det ikkje let seg å få meir inntekt til trusopplæring må ein på sikt redusera aktiviteten, eller organisera arbeidet på andre måtar

Anna kyrklege verksemد

Denne avdelinga gjeld kyrklege arbeid som går utanom det som kommunen har økonomisk ansvar for etter kyrkjelova. Her finn me jubileumsfeiring, kyrkjecaffi og andre kyrklege arrangement. Utgiftene til jubileumsboka kom i 2016. Ved å føra verdi på varelager av jubilumsbøker får ikkje boksalet nevneverdig resultatverknad framover. Avdelinga er budsjettet i balanse.

Ungdomsarbeid

Avdelinga for ungdomsarbeid gjeld for det meste arbeidet med konfirmantførebuing. Soknerådet ynskjer at alle konfirmantane skal få høve til å reise på leir. For at ikkje eigendelen skal verta for høg for foreldra, la ein opp til å få inn gåver og tilskot til ungdomsarbeidet som kunne vera med å delfinansiera konfirmantleiren. Dette har ein ikkje lukkast med i 2016. Konfirmantane våren 2017 har fått lovnad om å reise på leir i Etne. Difor må dette tiltaket gjennomførast. For konfirmantkullet 2017-2018 er det ikkje økonomisk forsvarleg å leggja inn slike føringar, sjølv om dette er ei verdifull oppleveling for ungdommane.

Avdelinga viser eit budsjettunderskot på kr. 66.000,- for 2017. Ein bør prøve å dekke inn dette underskotet ved å kutte i andre postar i totalbudsjettet.

Kyrkjeblad og diakoni

Dette er små avdelingar som klarar seg greitt ved hjelp av annonseintekter, deltarbetaling, kollektar og gåver. Avdelingane er difor budsjettet i balanse.

Sluttkommentar

Som det går fram av det som er teke opp, må det gjerast fleire grep for å sikra ein berekraftig økonomi for Fitjar kyrkje. Det er bra om soknerådet kan signalisera korleis kyrkjeverja skal gå laus på dette arbeidet.



Framlegg til vedtak:

Fellesrådet sluttar seg til budsjettet for Fitjar sokn 2017 slik det ligg føre med desse presiseringane.

1. Kyrkjeverja må prøva å kutta ytterlegare i budsjettet for å få det i balanse
2. Det må utarbeidast ein godt grunngjeven søknad til kommunen om å få auka løyvinga til kyrkja i revidert budsjett.
3. Leirane i fellesrådet og soknerådet må be om møte med formannskapet for å orientere om økonomien i kyrkja
4. Det må vurderast om det er råd å auka eigenbetalinga på ein del av dei kyrkjelege tenestene
- 5.
- 6.

Sak 02/17: Val av leiar og nestleiar

Det skal veljast leiar og nestleiar i fellesrådet for eitt år om gangen. Siste året har Rasmus Fitjar vore leiar og Terje Havro nestleiar. Medlemane i rådet bør engasjera seg slik at ein har kandidatar til verva klare til møtet

Framlegg til vedtak:

Leiar i fellesrådet for året 2017 vert _____ (samrøystes ?)

Nestleiar i fellesrådet for året 2017 vert _____ (samrøystet ?)

Sak 03/17: Godkjenning av referat

Utkast til referat frå møte den 21. oktober 2016 vert sendt i eigen e-post. Det er fint om medlemene kan sjå gjennom referatet og komma med evt. merknader før det skal godkjennast i møte.

Framlegg til vedtak:

Fellesrådet godkjenner referatet frå møtet den 21. oktober 2016.

Sak 04/17: Meldingsaker

I møtet vil det bli orientert om desse sakene:

1. Orgel- og galleriprojektet, status for arbeidet

Framlegg til vedtak:

Fellesrådet tek meldingane til orientering

Sak 05/17: Open post